

## **Sak 42-26    ETABLERING AV DATASENTER I HALLINGDAL**

### **Bakgrunn**

Denne saka kjem opp som resultat frå ei drøfting i Næringsforum 03.06.2026. Bakgrunnen er at behovet for datalagring aukar raskt, og at Hallingdal som kraftregion allereie har fått fleire førespurnader om etablering av datasenter. Næringsforum meinte at dette er ei sak som kan ha stor strategisk betydning for Hallingdal og kan få langsiktige konsekvensar for både kraft-disponering og utvikling i regionen. Næringsforum meiner derfor at saka bør handterast politisk.

### **Vurdering**

Pr. i dag er det ingen total oversikt over kven som har planar om å bygge datasenter, kor mange initiativ som finnes eller kor lang planane har kome. Me trur likevel at næringsforum har rett i at etablering av datasenter bør koordinerast og vera gjennomtenkt fordi det kan få store konsekvensar for kraftforbruk, næringsutvikling og samfunnssikkerheit. Ved behandling av slike saker bør det særleg leggst vekt på:

- bruk av kraft- og nettkapasitet
- tal på arbeidsplassar lokalt
- klima- og miljøpåverknad
- formål med datalagringa og kven som eig data
- eigarstruktur og grad av nasjonal kontroll
- beredskap og mogleg utnytting av overskotsvarme

Ein må vega arbeidsplassar og lokal verdiskaping mot negative verknader som at belastninga på kraftsystemet kan bli så stor at det hemmar anna næringsutvikling i regionen. Andre vurderingar som er meir eller mindre politiske er i kva grad eit datasenter bør vere under nasjonal/offentleg kontroll, om etableringa bør tene norske samfunnsinteresser og om lokalisering kan sjåast i samanheng med beredskap og ressursutnytting.

Dette er ikkje ein gjennomarbeida politisk sak – men den peiker på noko som Regionrådet bør ta stilling til om ein skal arbeide vidare med.

### **Forslag til vedtak**

Regionrådet ønskjer meir kunnskap om etablering av datasenter slik at ein etterkvart er i stand til å vurdere om ein skal utarbeide felles prinsipp for handtering av datasenter i Hallingdal og ber om at dette kjem at som ei sak til hausten.

Hallingdal, 11. juni 2026

Jan Olav Helling  
Dagleg leiar